



Hjelmeland kommune

Det kongelige landbruks- og matdepartement

Dykkar ref..

Vår ref.

09/1581-41/13/3989

Arkivkode:

000

Dato:

06.03.2013

HØYRING - FORSLAG TIL ENDRING AV ODELSLOVA

Me viser til dykkar forslag til endringar i odelslova med innskrenkingar i odelskretsen. Høyringsforslaget er drøfta av areal- og forvaltningsutvalet i Hjelmeland, som er det politiske utvalet som behandlar saker etter landbrukslovgjevinga.

Politikarane gir uttrykk for at dei ser behovet for ei innskrenking i odelskretsen. Dette fordi ein ønskjer at dei bruka som er så store at dei fyller arealkrava til odlingsjord, skal drivast og haldast i hevd. Då er det viktig at det er dei som er opptekne av å ta vare på driftsgrunnlaget, og å oppretthalda drifta, som får ein forrett til å overta. Kor vidt ein ønskjer dette er ofte knytt til kor nær tilknytning ein har til gardsbruket. Nieser og nevøar, som er dei som etter forslaget misser odelsretten, har ofte ikkje denne nære tilknytninga til gardsbruket.

Politikarane ønskjer å rekruttera engasjert ungdom til landbruket. Dersom dei som har nærast tilknytning til gardsbruket, barn eller søsken av eigaren, ikkje ønskjer å overta, er det betre at fleire gardsbruk kjem ut på den frie marknaden.

Hjelmeland kommune støttar difor den føreslåtte innskrenkinga i odelskretsen.

Med helsing
Forvaltningsseksjonen

Torborg Kleppa
rådgjevar jordbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur